



## Statens vegvesen

JOHANNES LIE  
LUREVEGEN 358 B  
5912 SEIM

Behandlende enhet:  
Region vest

Saksbehandler/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
19/108590-5

Deres referanse:

Vår dato:  
13.06.2019

### Avkøyrsløse – Løyve på vilkår – Fv. 402 – Gnr. 156 bnr. 39, 40 og 41 – LINDÅS kommune

Vi viser til søknad av 14.05.2019.

#### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrsløse frå fv. 402 til gnr. 156 bnr. 39, 40, 41 i Lindås kommune.

#### Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsløse frå offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløse saker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrsløse skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 30.04.2019. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrsløse*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld bustadføremål for tre tomter
3. **Sikta retning venstre i avkøyrsløse må utbetrast før vi gjev bruksløyve.** Frisikt 4 meter inn i avkøyrsløse 1,1 meter over bakken skal vere minimum 65 meter retning høgre i avkøyrsløse (mot Seim) og minimum 80 meter retning venstre i avkøyrsløse (mot Lygra), sjå vedlagt *Prinsippkisse*. Eventuelle planter og liknande kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter høge.
4. Utbetring av frisikt skal ikkje skade drenering langs fylkesvegen.
5. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentlig veg.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

6. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsl, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
7. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsl* underskrivast og sendast i retur. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir set i gang.
8. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslen har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsl* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

### **Bakgrunnen for vedtaket**

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsl frå.

Det vart søkt om same tiltak i 2011. Det vart den gong gjeve førehandstilsegn for å utbetre sikt i avkøyrsla. Kravet kom i samband med søknad om frådelling av tre tomter. Det er ikkje søkt om bruksløyve etter dette.

Statens vegvesen var på kontroll på staden 31.05.2019. Vi målte sikta og vurderer at den ikkje var i samsvar med førehandstilsegn av 05.04.2011. Sikt til høgre i avkøyrsla er avgrensa av ein bakketopp og er vanskeleg å utbetre. Sikt til høgre i avkøyrsla oppfyller heller ikkje krave vi stilte i 2011. Her er det mogleg å utbetre sikta slik at den er meir i samsvar med siktkravet ved skilta fart 80 km/t. Sidan ein likevel må ut å pigge ned sideterreng er det eit lite tiltak å sikre noko betre sikt i avkøyrsla. **Før vi godkjenner utvida bruk av avkøyrsla skal sikt retning venstre i avkøyrsla vere utbetra. Vi minner også om krav til arbeidsvarsling og graveløve.**

Vi legg til grunn for vedtaket at det er søkt om tre einebustader. Når talet på bueiningar overskrid 9 bueiningar i ei avkøyrsl gjer vi merksam på at vi vil skjerpe kravet til utforming. Det kan difor ikkje påreknast nye løyver etter dette utan at avkøyrsla fyller krav til kryssutforming. Av same grunn meiner vi det er viktig å halde arealet rundt avkøyrslpunktet fri for tiltak slik at sikta kan utbetrast ytterlegare i området.

Vi gjer merksam på at vi berre sender ut eit vedtak i saka som går til grunneigar. Dette med bakgrunn i at dei tre søknaden kan behandlast under eitt. Andre søkjarar er sett opp med kopi.

Dersom det er spørsmål knytt til dette brevet kan de ta kontakt med sakshandsamar.

### **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB 43, 6861 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med hilsen

Kari Elster Moen  
faggruppeteiar

Tone Bøyum  
senioringeniør


*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi  
Helge Rød AS, Valestrandsfossen , 5281 VALESTRANDSFOSSEN  
JIMMY VANGSNES, VESTREPOLLSSVEGEN 16, 5177 BJØRØYHAMN

### **Vedlegg**

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)  
Situasjonsplan  
Prinsippskisse med siktkrav  
Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

## PRINSIPPSKISSE



Tilsvarende siktlengder som vist på tegningen må også gjøres gjeldende for trafikken som kjør på hovedvegen og skal inn i avkjørsle (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

Statens vegvesens saksnummer 19/108590

## Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå fv. 402 , hp 2, km 3,580, er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 13.06.2019.

.....  
Sted/dato

underskrift søkar/grunneigar

.....  
Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til:

firmapost-vest@vegvesen.no eller Statens vegvesen Region vest, Pb 43, 6861 Leikanger